



Nordhordland Ingeniør & Byggmesterforretning AS
Kåre Romarheim

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4705 - 14/25973

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

19.11.2014

Trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 196/165 Midtgård - nybygg bustad, garasje, avkjørsle

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigattest stempla motteken den 13.10.2014. Det vart gjeve mellombels bruksløyve for bustaden den 14.11.2013 i sak 2013/3260.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden som ferdigattest og finn at den ikkje er fullstendig.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Bygningsnummer er ikkje påført søknadsskjemaet
2. Det er krav om avfallsplan, jf. TEK § 9-6. Det er ikkje vedlagt sluttrapport for avfall. Sluttrapporten skal vise faktisk disponering av avfall, fordelt på ulike avfallstyper og –mengder. Levering til godkjent avfallsmottak eller direkte til gjenvinning skal dokumenteres, jf TEK § 9-9 og SAK § 8-1 fjerde ledd.
3. Det er ikkje bekrefta at tilstrekkeleg dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert eigar av bustaden, jf. SAK § 8-1 tredje ledd.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.01.2015 Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kopi til:

Karen og Jan K.Aasmyr

Naustdalslia 5 A 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Nordhordland Ingeniør &
Byggmesterforretning AS